

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	24/2020	Arkiv nr.:		Møtedato:	21.09.20
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

Referat og meldingar..

- A. 200622 FiO årsmøte - Årsmelding 2019. 200622 Signert referat årsmøte FiO Presentasjon frå NFS. Presentasjon frå Statskog på årsmøte i FiO
- B. Saker frå Jotunheimen nasjonalparkstyre:
- Dispensasjon - Bruk av drone for musikkvideo Alan Walker - Galdhøpiggen - MER RECORDINGS AS v Mikkel Gulliksen
 - Avslag på dispensasjonssøknad - motorferdsel - 2020 - båt med større motor - Gjendesheim - Gjendebu - storviltjakta - Øystein Nicolaisen
 - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Transport av familiemedlemmer til Glitterheim samordna med varetransport - Waldemar Blumer
 - Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Transport av gjester til og frå konfirmasjonsselskap - Glitterheim - Knut og Tone Vole
 - Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Transport av pensjonistgruppe til Glitterheim - Ole Vole
- C. Gjerdesaker:
- 200708 Kopi av brev frå Statskog. Krav om fjerning av strømtråd rundt hytte og uthus – 3434/155/1/64
 - 200708 Gjerdesak - Kopi av brev frå Statskog -3434/155/1/61
- D. 200706 E-post frå NFS. Invitasjon til innspel til arbeidet med revisjon av forskrift om jakt, fangst, felling og fiske på statsallmenning.
- E. 200715 Kopi av brev frå Statskog. Løyve til å setje opp svarkasser i forbindelse med brukarundersøkelse.
- F. Utkast til Skjøtselsplan Høydalen LVO frå Breheimen NP
Referat befaring Høydalen Ivo august 2018.
- G. Ottadalen villreinutvalg – referat frå møte 26.juni 2020. 200830 E-post frå Ottadalen villreinområde om evt oppheving av fredning av område.
- H. 200824 Bøvertjønningen hytteforening – Årsmøte
- I. 200807 Løyve til motorferdsel i utmark - barmarktransport - Leif Slettom.
- J. 200730 Delegert vedtak frå Lom kommune - dispensasjon frå bandtvang i forbindelse med videoopptak.
- K. 200819 Løyperapport frå Jotunheimen hundkøyrarlag
- L. 200727 E-post frå Gudbrandsdal Sportsfiskeforening. Sprengsteinmasser med mikroplast fra utbygging av Smådøla kraftverk brukt til vegvedlikehald i Veodalen.
- M. Utsatt befaring for Fortun- Grandfastareguleringene
- N. 200913 Jotunheimen nasjonalpark - Oppfølging av sak 25/2019 i nasjonalparkstyret - Memurubu turisthytte – rydding.
- O. 200824 E-post frå Bøvertjønningen hytteforening. Tilbud om fremføring strøm, Bøvertjønningen 2020
- P. Fjellstyresak 2020/23. Delegert vedtak. Fastsetting av dagkvote for rypejakta 2020

TILLEGG:

- Q: 200914 Referat synfaring - dyrkingsjord Nordsetrene

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	25/2020	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	21.09.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad om flytting av seterhus på setra til Sygard Aukrust på Bøverkinnhalsen, 155-1-243 .

Sakspapir:

- Søknad frå Synnøve Aukrust og Erik Visdal dagsett 13. juli 2020.
- Uttale frå Statskog SF dagsett 16. juli 2020.

Saksutgreiing:

Synnøve Aukrust og Erik Visdal har med e-post sendt 13. juli søkt om å få flytte og restaurere seterhuset på setra si på Bøverkinnhalsen med festenummer 155-1-243. Dei grunnjev søknaden med at seterhuset står på ustabil grunn tett inntil setervegen på innsida, og at delar av muren er på tur til å gli ut. Dette har ført til at stokkar har begynt å gli ut og huset er i ferd med å bli øydelagt.

Seterhuset er ein tømmerbygnad frå 1865 med eit påbygg i reisverk frå ukjent årstal. Dei ynskjer å flytte seterhuset om lag 7 meter lenger inn og ned på seterkvea. Dei vil behalde den gamle tømmerdelen slik den er og bruke opp att mest mogleg av stokkar og anna material. Reisverkdelen vil dei erstatte med tilbygg i stav og laft, men behalde storleiken og utforming slik den er i dag. Dei ynskjer å bruke stein frå eksisterande mur til ny grunnmur, men må truleg supplere med noko ny stein. Grunna dårlege grunnforhold har dei vorte råda til å støype ei plate på bakken før dei set opp ny mur.

Dei opplyser i søknaden at det var slutt på mjølkeproduksjon på setra på slutten av 60-talet, men at dei fortsatt driv mjølkeproduksjon heime på garden og slepper kviger og sina kyr på seterkvea før og etter utmarksbeiting i området rundt. Dersom det blir aktuelt å ta opp att mjølkeproduksjon på setra, så meiner dei at det er ein fordel at seterhuset ligg lenger frå setervegen.

Opplysningar og merknader:

Etter §10 i seterforskrifta er det fjellstyret som avgjer om seterbrukaren kan setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ut ifrå utvisninga gjere ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle av kva som er nødvendig og rasjonelt med omsyn til bygningar og tekniske anlegg. Generelt er det både for nybygg og endringar av eksisterande bygg eit vilkår at bygningane følgjer lokale setertradisjonar og er tilpassa kulturlandskapet sin eigenart.

I dette tilfellet er det spørsmål om flytting og restaurering av eksisterande bygningar. Huset vil bli sett opp med same mål som eksisterande, men med ei utskifting av reisverkdelen til fordel for stav og laft. Huset vil såleis ikkje utvidast, eller få endra bruksformål i høve til eksisterande bygnad. Søkjarane har i søknaden gjort greie for at setra er i bruk ved at seterkvea blir beita med storfe.

Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet. Ved nybygg, endring eller utviding av hus på seter, der dette vil

Møtebok – Lom fjellstyre

påverke eksisterande kulturmiljøet, skal det innhentast uttale frå regionale kulturstyreminnesmakter.

Statskog SF har med e-post dagsett 16. juli sagt at dei ikkje har innvendingar til omsøkte, men tek forbehold om at kulturminnestyremaktene og kommunen ikkje har vesentlege merknader til tiltaket.

Saka vart med e-post 14. juli sendt kulturarveininga i Innlandet fylkeskommune med frist til 15. august med å kome med merknader. Fjellstyret har ikkje motteke merknadar frå dei.

Framlegg til vedtak:

Med heimel i §10 i seterforskrifta gjev Lom fjellstyre løyve til å flytte og restaurere seterhuset som skissert i søknaden.

Det blir teke atterhald om løyve frå kommunale bygningsstyresmakter.

Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post.
- Synnøve Aukrust – som e-post.
- Lom kommune – som e-post.

Sak nr.:	26/2020	Arkiv nr.:	433.1	Møtedato:	21.09.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Uttale til søknad frå Breheimen nasjonalparkstyre. Informasjonstavler ved Dumdalen.

Sakspapir:

- E-post frå Statskog SF sendt 26. august 2020
- Søknad frå Breheimen nasjonalparkstyre dagsett 29. juli, med tillegg 24. august 2020.

Saksutgreiing:

Med e-post sendt 20. mai har Statskog SF bede om fjellstyret si uttale til søknad frå Breheimen nasjonalparkstyre om oppsetting av informasjonstavler i Dumdalen.

Dei ynskjer å sette opp to informasjonstavler ved inngangen til Dumdalen i Breheimen nasjonalpark. Den eine tavla vil innehalde generell informasjon om Breheimen nasjonalpark og den andre skal være ei tematavle om grottene i Dumdalen. Kart over plassering og utsjånad på tavlene ligg som vedlegg til søknaden.

Møtebok – Lom fjellstyre

I tillegg til desse to tavlene ynskjer dei å sette opp mindre metallskilt med informasjon ved inngangen til dei ulike grottene. Desse vil bli plassert på stutte stolpar av metall eller festa direkte på fjell. Størrelsen på desse skilta skal være inntil A3 størrelse.

Opplysningar og merknader:

Utplassering av informasjonstavler er eit grunndisponeringstiltak der fjellstyret skal ha høve til å kome med uttale.

Dumdalen er eit attraktivt område med mange besøkande. Dalen har eit rikt planteliv og er spesielt kjent for dei mange kalksteinsgrottene som er dei største som er kjende i denne landsdelen. Grottene er svært sårbare for skade og øydelegging, og er gjennom verneforskrifta ein del av verneformålet til Breheimen nasjonalpark. Informasjon om ferdselsreglar og sårbarheit er eit viktig tiltak for å bevare desse særeigne geologiske formasjonane. Samstundes vil skiltinga som omsøkt være eit fint informasjonstiltak som vil betre opplevinga for alle som kjem til Dumdalen.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår at det vert gjeve løyve til å sette opp informasjonstavler som omsøkt.

Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Breheimen nasjonalparkstyre – som e-post

Sak nr.:	27/2020	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	21.09.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Uttale til søknad frå DNT Oslo og omegn om etablering av relestasjon.

Sakspapir:

- Brev frå Statskog SF dagsett 9. september. Etablering av relestasjon – DNT Oslo og omegn
- Søknad dagsett 5. august 2020 frå DNT Oslo og omegn.

Saksutgreiing:

DNT Oslo og omegn har med søknad dagsett 5. august bede Statskog SF om løyve til å etablere ein relestasjon for tilrettelegging av breiband inn til Glitterheim turisthytte. Med brev dagsett 9. september ber Statskog SF om fjellstyret si uttale til søknaden.

Installasjonen består av ei antenne montert på ein liten stolpe eller stativ med tilhøyrande solcellepanel, batteri og ei kasse for batteriet. Dette er tenkt plassert i lia

Møtebok – Lom fjellstyre

400 høgdemeter opp og om lag 1,5km nord for Glitterheim som synt til på vedlagt kartskisse. Plasseringa må tilpassast dekningsforholda på staden.

Opplysningar og merknader:

Utplassering av relestasjonen er ei grundisponering der fjellstyret skal ha høve til å kome med fråsegn før Statskog SF tek avgjerd.

Tiltaket er søkt plassert innanfor Jotunheimen Nasjonalpark og nasjonalparkstyret gjorde i sak 2020/8724/2 slik vedtak:

DNT Oslo og Omegn får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 b) løyve til utplassering av relestasjon beståande av antenne, batteri og solcellepanel på lokalitet i fjellsida nord for Glitterheim, der ein kan få stabil dekning for breiband til turisthytta. Lokaliteten bør om mogleg trekkast litt lengre sør enn vist på kartutsnittet, for å unngå inngrep i vernesonen (teig 3), der forvaltningsplanen legg vekt på å unngå nye inngrep.

Installasjonen skal plasserast slik at den blir mest mogleg skjerma mot innsyn. Sesongen 2021 blir vurdert som prøveår, for å sjå om plasseringa er vellykka – både funksjonelt og landskapsmessig. Eventuelle avbøtande tiltak kan bli vurdert seinare, i tilfelle installasjonen blir opplevd som lett synleg og skjemmande.

Framlegg til uttale:

Lom Fjellstyre stiller seg bak vurderingane til nasjonalparkstyret, og har utanom dette ikkje andre merknader til saka.

Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- DNT Oslo og omegn – som e-post
- Nasjonalparkstyret for Jotunheimen – som e-post

Sak nr.:	28/2020	Arkiv nr.:	335.3	Møtedato:	21.09.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad frå Soleggen beitelag om plassering og inngjerding av saltstein.

Sakspapir:

- E-post sendt 27. august frå Soleggen beitelag. Søknad om plassering og inngjerding av saltstein.
- E-post sendt 17. september frå Synnøve Grjøtheim, Øyvind Bakken og Thorleif Mork. Merknader til søknad om saltstein.
- Beitebruksplan for Lom kommune

Møtebok – Lom fjellstyre

Saksutgreiing:

Med e-post sendt 27. august 2020 har Soleggen beitelag søkt fjellstyret om godkjenning av plassering av saltsteinautomat med inngjerding i Sålell.

Av søknaden går det fram at det for ein del år sidan vart oppsett ein saltsteinautomat ovafor hyttene i Sålell i retning Skardalen. Etter å ha registrert at det samla seg mykje storfe der, opptil over 60 på ein gong, vart det sett opp ei inngjerding som stengde storfeet ute. Hovudgrunnen til plasseringa er at den er lett å sjå frå nede, særleg med tanke på sankinga. Etter at fjelloppsynet har gjort dei kjende med at dette treng fjellstyret si godkjenning, noko dei ikkje har vist om, søker dei med dette om godkjenning av tiltaket slik det er.

E-post med varsel om det planlagde tiltaket vart sendt til beitebrukarar som har storfe i Solell den 5. september, med frist 18. september til å kome med merknader. Synnøve Grjotheim, Øyvind Bakken og Thorleif Mork har med e-post 17. september kome med denne merkningen:

«Angående saltstein i sætergrenda i Solhell.

Som det kjem fram i søknaden frå Soleggen Beitelag så var saltsteinen plassert der han er for att det skulle vera lettvent i sauesankinga. Da kan det ikkje vera noko problem og flytta den til "Skjenarvollane", der har ein vel så god oversikt og tilgang med bil.

Slik som situasjonen har vore kvart år, har vi hatt store problem med og kome inn og ut gjennom grindene våre inn på kveane pga store mengder sau.

Det er også provoserande argument for oss som har sæter, att grunngjevinga for plasseringa av saltsteinen er att det skal vera lettvent i sankinga.

Angående dei 60 stk storfea, har vi aldri opplevd dette.

Vi har heller aldri hengt opp eller lagt frå oss saltstein for storfe for og halde desse gåande rundt kveane heile somaren.

Konklusjon: Saltsteinen bør flyttast.»

Opplysninger og merknader:

Fjellstyret blandar seg vanlegvis ikkje opp i utplasseringar av saltsteinar i eit beiteområde, men har behandla sakene i dei tilfella installasjonane eller gjerda er slik at dei ekskluderar andre beitebrukarar i området. Utplassering av faste installasjonar er i utgangspunktet ei grunndisponeringsak etter §12 i fjellova der fjellstyret skal ha høve til å kome med fråsegn, og Statskog SF tek avgjerd. Når det gjeld spørsmål om saltsteinautomatar eller installasjonar knytt til dette, har Statskog sagt at dei støttar seg på fjellstyret sine vurderingar og vedtak, og ikkje ynskjer sakene til behandling.

Av merkningen frå andre beitebrukarar i området går det fram at det ikkje er inngjerdinga, men sjølve plasseringa av saltplassen som er utfordringa for dei. Saltsteinen er plassert 36 meter frå nærmaste hytte og 100 meter frå seterkveene i Solell. (Innmålt av fjelloppsynet og synt på vedlagt kartskisse.) Fjellstyret har tidlegare ikkje sagt noko om, eller teke stilling til plasseringa av saltplassar utan tekniske installasjonar. Dersom ein finn det nødvendig kan det etter §16 i fjellova utformast beitereglar som m.a. kan setje vilkår for beiting med lausfe. I beitebruksplanen for Lom

Møtebok – Lom fjellstyre

kommune, vedteke i kommunestyret 30. august 2007, er det i punkt 6. om saltingsplassar sagt at: «*salting skal skje i god avstand frå vegar og bygningar.*»

Sålell er registrert som naturbeitemark med verdisetting «svært viktig» i Naturbasen av Miljødirektoratet. I lokalitetsbeskrivelsen er det m.a. skreve at «*den nordre delen av området (Skarddalen) har best hevd, her er det hardt beitet på utmarksarealene.*» og vidare om skjøtsel at «*det er viktig for å bevare naturverdiene at det opprettholdes et godt beitetrykk som i dag, og at det ikke gjødsles på lokaliteten.*» Registreringa var gjort i 2006, og etter personleg melding frå Tormod Rusten var det utplassert saltstein i same området denne tida og. Plasseringa av saltsteinen kan virke positivt for å oppretthalde beitetrykket i området i si heilheit, medan trakk, erosjon og samling av gjødsel kanskje gjev negative effekter på området lokalt på og ved saltplassen.

Fjellstyret har tidlegare i sak 44/2015 sagt at utlegging av saltsteinar i beiteområda for seterkrøter, ikkje kan skje anna enn i samråd med seterbrukaren/ane når det er tradisjonell seterbruk med mjølkeproduksjon på setra/ene. I dette tilfellet er det ikkje lenger tradisjonell seterdrift i området, men ein del setereigerar brukar seterkveane til beite og held dei i hevd gjennom det. Sålell er kanskje i ei særstilling med fleire frifallne setrar og seterkvear, der ein del av arealet ikkje lenger er inngjerda og difor har fått status som utmark. Ei av kveene er blant anna utvist til Meadalen utmarkslag som beite- og samletråd. Fleire av dei gamle seterhusa er i dag på avgiftsfrie fester eller fritidsfester. Ei utviklinga frå tradisjonell setring til lausfebeiting er kanskje noko som vil kome enda sterkare i tida som kjem, og same problemstillinga kan seinare bli gjeldande andre stader i allmenningene.

At ein saltstein for lausfe blir plassert midt i eit seter- og hytteområde er noko uvanleg. I dei fleste andre beiteområda i allmenningen, som fjelloppsynet er kjent med, er saltsteinane ofte plassert lenger til fjells. Seterstølane og områda rundt er ofte produktive areal som gjennom år med kultivering og beiting blir høgt verdsett av beitedyra. Når ein forsterkar det naturlege beitetrykket med å plassere ein saltein tett inntil, vil dette kunne auke eventuelle ulemper for dei med seter eller hytter ved sidan av.

Framlegg til vedtak:

Saka blir utsett. Fjellstyret vil ved høve kalle partane inn til synfaring. Saltsteinen og gjerdet kan stå fram til fjellstyret tek endeleg avgjerd i saka.

Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Soleggen beitelag – som e-post
- Synnøve Grjotheim, Øyvind Bakke og Thorleif Mork – som e-post
- Statskog SF – som e-post